

Fra: Rita Ludvigsen <rita.ludvigsen@masfjorden.kommune.no>
Sendt: 11.05.2022 07:39:28
Til: Post Masfjorden kommune <Post@masfjorden.kommune.no>
Emne: VS: Tilbakemelding frå Sandnes skule

Inn i Websak endra frammøte 1.-4. klasse

Fra: Britt Rød <britt.margun.rod@masfjorden.kommune.no>
Sendt: onsdag 23. februar 2022 09:15
Til: Geir Føllesø <geir.folleso@masfjorden.kommune.no>; Rita Ludvigsen <rita.ludvigsen@masfjorden.kommune.no>
Emne: Tilbakemelding frå Sandnes skule

Hei

Dette er mine argument for å gå over til fem dagars skuleveke:

Elevane sitt læringsutbytte

Det er mange pedagogiske argument for fem kortare dagar framfor fire lange:

- Læring kvar dag. Høgare og jamnare læringstrykk ved fem dagar framfor fire. Kan ikkje erstattast av lange ettermiddagar og meir slitne elevar.
- Betre kontinuitet. Med fri onsdag kan torsdag bli som ein måndag der ein startar veka på nytt.
- Betre læringsvilkår med jamnare fordeling av undervisning og arbeidsbelastning i veka, både for elevar og tilsette.
- Meir opplagte elevar mot slutten av dagen
- Jamne økter og drypp kvar dag under rettleiing av lærarar er særleg viktig i lese- og skriveopplæringa.

Ulike omsyn

Det er fleire omsyn som skal vegast mot kvarandre t.d. meirkostnader skyss, tilbod i SFO, sårbare barn, omdøme, barn og foreldre si oppleving av fridagen.

Ved Sandnes skule er denne kartlegginga gjennomført:

25.10.21 Rektor drøfta saka med FAU-leiar

Fau-leiar skreiv dette i referatet:

Rektorane i kommunen ynskjer at onsdagsfri for småskulen skal diskuterast. Dei ynskjer tilbakemelding på dette frå FAU og foreldre. Me har etterspurt meir informasjon om dette for å komme med innspel. Me tek denne saka opp igjen på neste møte.

FAU utfordra rektor til å sende ut skrivet.

FAU gav denne tilbakemeldinga:

Hei 😊.

Takk for møtet i dag. Det er litt av ein engasjert gjeng i FAU 😊.

Me har lese gjennom høyringsnotatet. Mange gode argument for å ha fem dagars skuleveke. Flott at dei ulike omsyna og er med.

Spørsmål:

Skal 5.-7.klasse ha færre timar, og får då nokre kortare dagar?

Bør det vere med eit utkast av ein timeplan for 1. -4.klasse der det er skissert opp t.d to korte dagar, og tre lange dagar?

Bør idrettskulen skrivast inn/ nemnast?

Kven bør gi ei tilbakemelding på dette? Alle foreldra frå 1. -10.trinn, eller berre foreldra til dei elevane i 1. -4. klasse? 1. -7.klasse?

Me i FAU synest det kunne vere greitt at du på slutten oppmodar foreldra sterkt til å gi tilbakemelding. Då kan det vere at fleire engasjerer seg 😊.

Me foreldrerepresentantar ønskjer å oppmode foreldra i sine klassar til å gi tilbakemelding når skrivet blir sendt heim. Dette gjer me på melding til foreldra 😊.

Mvh Merethe Engelsen.

02.12.21: Alle føresette fekk sendt skrivet pr e-post

Frå foreldra har eg fått to svar:

1. Hei og takk for informasjon!

Vi tror ,at dette er IKKE en særlig god ide dessverre!

Vi har snakket med barn og De tror det er ikke et godt argument ,at på torsdag har De det som på mandagen- (begynner uka på nytt)Nei -De gleder seg til å ha en fri dag i midten av uka slik de kan slappe av.Vi tror at Masfjorden Kommune hadde på grunn av dette et veldig godt tilbud for grunnskolene sine der barna kunne gjøre noe annet denne dagen.Det finnes ikke flere skoler her på landet som har en slik ordning!Hvorfor vil Dere egentlig skifte dette?Våre barn pleide å ha på denne dagen morsmålet sitt ,geografi og historie til landet sitt.Kan skolen da sørge for å gi et sånt tilbud til utenlandske barn som bor her??Da vi spurte om dette for noen år siden så fikk vi svar ,at skolen har ikke råd til dette!

Det ,at barna blir på skolen hver dag har selvfølgelig også mange fordeler ,at de kanskje får lære seg mer og blir med vennene sine eller klassekameratene sine en dag mer.Men barndom er barndom og det hadde vært fint ,at det blir slik det hadde vært her,for det er ingen vits å utslitte små barn med 5 dagers uka også.

Men hvis Dere bestemmer å bytte det ,så på grunn av flere ting og særlig på grunn av Kommunen sin økonomi så vi har en annen forslag til dette!

F.eks. :mandag ,tirsdag ,onsdag 8:10-13:45 ,torsdag,fredag 8:10-10:45 eller forandre på friminuttene til trinn 1-4 slik de er ferdige de dagene senest 11:30 2 timer tidligere.(men det blir sikkert litt vanskelig med å forandre på friminuttene...)

Vi tror det blir mere økonomisk hvis elevene i trinn 1-4 er på skolen 3 dager med full dag (6 timer) og 2 dager med kun 3 timer slik de er ferdige med skolen før det lange friminuttet.Da har elevene fortsatt god tid med på dagen etter skoletid. Det er ingen vits ,at De slutter dagen klokka 12:45 kun en time tidligere!(Sandnes Skule) Det hjelper veldig lite og det lønner seg ikke å arrangere skyss for bare det (kun en time tidligere)synes vi.

Slik Kommunen sparer penger for skyss for 3 dager! Elevene har uansett 24 timer per uke. Med denne planen Dere foreslår så har De 25 timer per uke! Men vi er selvfølgelig ikke sikre, at våre argumenter er gode...

Vi er også bekymret for Sandnes Skole sin fremtid hvis dette blir godkjent! Det kan dessverre føre til at på grunn av økonomien denne skolen blir lettere lagt ned! Dere må tenke på det! Det var allerede snakk om å slå sammen alle ungdomsskolene i Masfjorden Kommune for ikke så lenge. Så da kan det bli snakk om å legge ned hele skolen. (Sandnes Skule) og det hadde vært helt tragisk! Det er også fare for store problemer med mobbing hvis det skulle skje sånt til slutt!!

Vi håper, at Dere bestemmer riktig slik det blir bra for alle barn og familier i Kommunen. Det er sannsynlig, at kanskje flere av foreldre liker denne ideen, men man må også tenke på økonomien og andre argumenter.

Mvh Joanna og Lucjan

2. Kva er positivt med fire dagars skuleveke?

Det positive med at dei ikkje har skule onsdag, er at dei kan få ein pause midt i veka. Dei kan få kvalitetstid med foreldre eller besteforeldre. Ein har mulighet til å finne på noko midt i veka som ein kanskje ikkje kunne gjort om dei måtte tidlig opp. Ein kan legge legetimer, tannlegetimer osv til onsdagen. Me likar onsdagsfri.

Andre innspel:

Med det nye oppsettet må ungane gå ein ekstra dag, og ein ekstra time lenger på skulen i veka. Om elevane skal gå på skulen 5 dagar i veka, treng dei moglegheita til å ta ein buss heim når skulen er slutt, så dei kan sleppe lang dag kvar dag, som det lett vert om dei må vente til den vanlege skulebussen går.

Vil det verta gratis sfo fram til den vanlege skulebussen går i tilfelle?

Mvh Ingve Hovland og Katarina Kvinge

12.11.21 Notatet sende eg til teamleiarane, AT Utdanningsforbundet og AT Fagforbundet,
Rektor skriv: Rektorgruppa har tatt eit initiativ der ein ønskjer å undersøkje mogelegheitene for fem dagars skuleveke for elevane i 1. – 4. klasse. Informasjon/notat ligg som vedlegg.

Eg ber dykk samsnakke om de ønskjer å ta opp saka i klubben eller på teammøta.

Notatet vert ikkje sendt ut til heimane før etter SU- og FAU-møta, onsdag 17.11.21.

Kun ei tilbakemelding: Sjå vedlegg

15.02.22 Rektor drøfta saka med elevrådet, (elevrådskontakten har vore sjukemeld)

Tilbakemeldingane:

- Det er fint med ein fridag
- Dersom fire dagar vert kanskje foreldra tvinga til å vere heime – dei kan då ikkje jobbe 100%

Venleg helsing frå
Britt Rød
Rektor Sandnes skule